

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
046/15	Levekårsutvalet	PS	09.06.2015
063/15	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/7008

Etablering av Lindås kulturminnefond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Gjeldande bygdebok- og kulturminnefondet endrar namn til «Lindås kulturminnefond»
2. Kulturminnefondet skal ha eit tydeleg føremål knytt til kulturminner, der bygdebøker kan vere eitt av satsingsområda.
3. Kulturminnefondet skal vere eit verkemiddel for å realisere mål og tiltak i kulturminneplanen.
4. Kulturminnefondet skal samle alle tilskotsordningar til kulturminner i eitt fond, dvs gjeldande bygdebok- og kulturminnefond, kulturmidlar (kategori kulturvern og samlingar) og samlelegat
5. Kulturminnefondet vert eit søknadsfond med levekårsutvalet som fondsstyre. Renter og avkastning skal verta tilbakeført til fondet. I samband med dei årlege budsjettprosessane må ein vurdere å tilføre midlar til fondet.
6. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 550.000 (+ avkastning 2015) skal tilførast kulturminnefondet.
7. Nye retningslinjer for «Lindås kulturminnefond» vil kome som ei eiga sak i første levekårsutvalet etter sommaren 2015.

Levekårsutvalet - 046/15

LE - behandling:

Orientering til saka ved fungerande kultursjef Eileen Feste.

Framlegg frå Asle Hindenes-Krf:

Som rådmannen sitt framlegg med unnateke av punkt. 4.

Framlegget frå Asle Hindenes-Krf vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet - 09.06.2015:

1. Gjeldande bygdebok- og kulturminnefondet endrar namn til «Lindås kulturminnefond»
2. Kulturminnefondet skal ha eit tydeleg føremål knytt til kulturminner, der bygdebøker kan vere eitt av satsingsområda.
3. Kulturminnefondet skal vere eit verkemiddel for å realisere mål og tiltak i kulturminneplanen.
4. Kulturminnefondet vert eit søknadsfond med levekårsutvalet som fondsstyre. Renter og avkastning skal verta tilbakeført til fondet. I samband med dei årlege budsjettprosessane må ein vurdere å tilføre midlar til fondet.
5. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 550.000 (+ avkastning 2015) skal tilførast kulturminnefondet.
6. Nye retningslinjer for «Lindås kulturminnefond» vil kome som ei eiga sak i første levekårsutvalet etter sommaren 2015.

.....

Kommunestyret - 063/15

KO - behandling:

Protokollen frå levekårsutvalet endrast fra Asle Hindenes til Asle Hetlebakke.

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Gjeldande bygdebok- og kulturminnefondet endrar namn til «Lindås kulturminnefond»
2. Kulturminnefondet skal ha eit tydeleg føremål knytt til kulturminner, der bygdebøker kan vere eitt av satsingsområda.
3. Kulturminnefondet skal vere eit verkemiddel for å realisere mål og tiltak i kulturminneplanen.
4. Kulturminnefondet vert eit søknadsfond med levekårsutvalet som fondsstyre. Renter

- og avkastning skal verta tilbakeført til fondet. I samband med dei årlege budsjettprosessane må ein vurdere å tilføre midlar til fondet.
5. Rådmannen får fullmakt til å søkja Stiftelsestilsynet om å få oppløyse Samlelegat for Lindås kommune. Midlane på kr 550.000 (+ avkastning 2015) skal tilførast kulturminnefondet.
 6. Nye retningsliner for «Lindås kulturminnefond» vil kome som ei eiga sak i første levekårsutvalet etter sommaren 2015.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet 09.06.15

Saka skal avgjerast i Kommunestyret 18.06.15

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sak om Bygdebok- og kulturminnefond var oppe til behandling i K-styret i sak 012/15. Saka blei sendt attende til levekår med følgjande bestilling:

1. Formål og innretning av bygdebok- og kulturminnefondet: avkastning eller søknadsfond.
2. Vurdere om samlelegatet skal avviklast og midlar leggjast til kulturfelt
3. Kommunestyret bed om at saka kjem attende til KO møtet i mai 2015.

Lindås kommune har i dag 3 ulike tilskotsordningar for kulturminne og bygdebøker.

Namn på tilskotsordning	Saldo pr 15.05.2015	Søknadsfrist
Kulturmidlar – kategori kulturvern & samlingar	272.400	15. mars og 01. september
Bygdebok & kulturminnefond (ikkje vedtekne)	890.000	01. september
Samlelegat *	550.000	Heile året

*Samlelegat er delt i 3 fokusområder der bygdebok er eitt område.

Totalt kr er det 1.162.400 øyremerka midlar til kulturminne/bygdebok, samt nokre av midlane i Samlelegatet til dette føremål.

Vurdering:

Lindås kommune har vedtatt ein kulturminneplan for 2011-2021. Som det går fram av planen, har Lindås kommune fleire utfordringar knytt til eigne samlingar og bygg. Vidare peikar planen på andre kulturminne som er private, som faste kulturminne (bygningar), lause kulturminne (gjenstandar) og immatriell kulturarv (kunnskap og ferdigheiter innan kunsthandverk og tradisjon).

Det er kulturminneplanen som bør leggjast til grunn for kva prioriteringar Lindås kommune har på kulturminnefeltet. Tilskotsordningane og fonda skal vere verkemiddel for å realisere dei tiltaka som blir prioritert. Men vi ser at dagens ordning med 3 tilskotsordningar for kulturminnevern, blir noko fragmentert og uoversiktlig. For å sikre ei meir heilskapleg satsing på kulturminnefeltet rår rådmannen til å samle dei 3 tiltaksordningane i eitt fond, og det kan gjerast på følgjande måte:

1. Bygdebok- og kulturminnefondet endrar namn til «Lindås kulturminnefond». I retningslinene for «Lindås kulturminnefond» blir det lagt inn eit klart føremål om kva områder fondet skal støtte, til dømes bygdebøker.
2. I dei årlege tildelingane av kulturmidlar blir det også tildelt midlar til kulturvern og samlingar. Desse midlane bør gå inn i «Lindås kulturminnefond», slik at ein ser heile kulturminnefeltet i ein heilskap.
3. Lindås har eit samlelegat som mellom anna rettar seg mot kulturminner og bygdebøker. Det er få som søker på desse legatmidlane. Midlane i dette legatet bør inn i «Lindås kulturminnefond». Før det kan gjennomførast, må ei søkje Stiftelsestilsynet om å oppløse samlelegatet.

Om ein samlar desse tiltaksordningane i eitt fond, vil ein potensielt få eit kulturminnefond på godt over kr 1 mill.

Søknadsfond eller avkastningsfond?

Bygdebok- og kulturminnefondet var i forslag til retningslinjer som vart fremma i sak i Levekår (07/15), innretta som eit avkastningsfond. Pr mai 2015 utgjer fondet kr 890.000. Avkastning på fondet 2014 ville vore om lag kr 25.000 etter dagens rentenivå. Rentenivået i Noreg er forventa å halde seg lågt dei næraste åra. Ein kan difor ikkje forventa særleg større avkastning enn 2014 nivå. Dersom ein ønskjer å tildele midlar utifrå avkastning fondet gjev, vil det vere få prosjekt som får midlar, og dei prosjekta som får støtte, vil få lite.

Lindås kulturminnefond bør vere eit målretta og fleksibelt verkemiddel som støttar opp om dei prioriterte satsingane og tiltaka som ligg i kulturminneplanen. Den beste måten å få dette til på, er å etablere kulturminnefondet som eit søknadsfond, på same måte som næringsfondet i Lindås. Tilføring av midlar må ein vurdere i samband med dei årlege budsjettprosessane. Renter og anna avkastning skal verta tilbakeført til fondet. Ein må vurdere om fondet skal ha definerte søknadsfristar og det bør utarbeidast eit handlingsprogram som støttar opp om strategiane i kulturminneplanen. Levekårsutvalet blir fondsstyre for det nye kulturminnefondet.

Avvikling/ending av Samlelegat

Samlelegatet vart stifta i 2002. Samlelegatet er resultat av ei samanslåing av ulike legat som har vore etablert gjennom tidene. Det er ordfører som er styreleiar i legatet. Føremålet med legatet er å yte støtte til familiar og personer som på grunn av ulukke, sjukdom eller andre uheldige omstende har kome i ein vanskelig økonomisk situasjon. Vidare kan personar i kommunen som innan landbruket utviklar ny næring knytt til garden, eller personar som arbeider med utgjeving av bygdebøker i Lindås kommune.

All avvikling av stiftingar/legat må godkjennast av Stiftelsestilsynet. Avvikling blir rekna som omdanning, og det er difor reglane i [stiftelseslova kapittel 6](#) som gjeld. Lindås kommune må

søkje Stiftelsestilsynet om å oppløse legatet i si heilheit, eller for å endre vedtekter.

.....